

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Aurland kommune  
**Møtedato:** Tirsdag 17. september 2019 kl 9:00  
**Møtestad:** Møterom 216

---

## SAKLISTE

11/2019 Godkjenning av møteprotokoll 11.06.2019  
12/2019 Drøftingsaker, skriv og meldingar  
13/2019 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2020

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post [harald.mo@pwc.com](mailto:harald.mo@pwc.com)

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 10.09.2019

Olav Ellingsen  
Leiar (sign)

Harald Mo  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordfører  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 11/2019 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	17.09.2019	11/2019

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 11.06.2019 vert godkjent

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11.06.2019	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 11.06.2019

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 11.06.2019

**Møtetid:** Kl. 09:00-12:30

**Møtestad:** Rådhuset, 216

**Saksnr.:** 8/19 – 10/19

<b>Følgjande medlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Olav Ellingsen, kontrollutvalsleiar	Sp
Gøril Tveiten Lie, nestleiar	MDG

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Jonas Ure Hylland	H	Kjell Nordgulen	Ap

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Olav Ellingsen
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Harald Mo, PwC
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>	Økonomisjef Reidar Johnsen
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	Ole Willy Fundingsrud, KPMG
<b>Andre som møtte:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Merknader:</b>	

Underskrifter:

  

---

## SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
8/2019	Godkjenning av møteprotokoll 23.04.2019	O
9/2019	Drøftingsaker, skriv og meldingar	O
10/2019	Forvaltningsrevisjon	O

### Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

#### Sak 8/2019 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	11.06.2019	8/2019

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 23.04.2019 vert godkjent.

#### 11.06.2019 KONTROLLUTVALET

#### SAK-8/19 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 23.04.2019 vert godkjent.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 9/2019 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 11.06.2019	<b>Saknr</b> 9/2019
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### Refererte skriv og meldingar:

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	31.01.2019	Den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen	Årsmelding for 2018
2	16.05.2019	Aurland kommune	Tertialrapport 1 2019 Aurland kommune
3	23.05.2019	Simas	Utfyllande informasjon rundt investeringar og næringsrenovasjon i SIMAS IKS
4	03.04.2019	Aurland Energiverk AS	Årsrekneskap 2018
5	01.06.2019 04.06.2019	Kristin Sønnerheim og Bente Ohnstad	Lesarinnlegg i Sogn Avis «Berre bla-bla-bla-svar frå administrasjonen i Aurland kommune» og «Om kommuneadministrasjon, forvaltningslova og Aurland»

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

#### 11.06.2019 KONTROLLUTVALET

#### Orienteringar i møtet:

1. Orientering frå Reidar Johnsen om rekneskapen for 1. tertial 2019.

#### SAK-9/19 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 10/2019 Forvaltningsrevisjon «Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014»

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	11.06.2019	10/2019

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

Forvaltningsrevisjonen viser at Aurland kommune har fleire område der ein bør forbedre rutineane.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til prioriterte tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- **Profesjonalisere kommunen si prosjektstyring iht. god praksis.**
  - *Kommunen bør mellom anna avklare roller og ansvar i prosjekt og formalisere ulike prosjektroller i ein prosjektorganisasjon, tydeleggjere krav til prosjektdokumentasjon, derunder dokumentasjon ved ulike milepælar, og leggje til rette for ein effektiv rapportering og oppfølging av prosjekt. Medarbeidarar som forventast å jobbe i prosjekt bør få naudsynt opplæring. Det bør etablerast ein rutine for evaluering og læring av prosjekt, inklusive innarbeiding av læring i interne rutinar og krav, for å leggje til rette for kontinuerleg forbetring av kommunen sin praksis. Kommunen sin praksis for prosjektstyring bør forankrast godt med den politiske leiinga, for å leggje til rette for effektiv samhandling mellom den politiske leiinga som premissgjevar / prosjekteigar og styringsgruppe, og administrasjonen som den som står for den praktiske prosjektutføringa. Det er mellom anna heilt sentralt at den politiske leiinga og administrasjonen vert einige om kva det skal rapporterast på, og kor ofte.*
- **Systematisere kommunen si oppfølging av leverandørar.**
  - *Det er behov for å systematisere kommunen sitt arbeid som byggherre, for å sikre ein forsvarleg oppfølging av leverandørar i byggje- og anleggsprosjekt. Dette gjeld i forhold til oppfølging av økonomi, framdrift, kvalitet og helse, miljø og tryggleik (HMS).*
  - *Til dømes bør endringar som gjerast i prosjekt skje i form av skriftlege endringsordrar, slik at det er mogleg å gå tilbake og sjå kva som vart avtalt mellom partane. Når det gjeld HMS, bør administrasjonen gjennomgå krav i Byggherreforskriften, og gjere naudsynte endringar i interne rutinar, derunder i Reglement for kommunale investeringsprosjekt, for å leggje til rette for etterleving av krava i forskriften. Det bør mellom anna innarbeidast krav til risikovurderingar, etablering og oppfølging av*

*SHA-plan per bygge- og anleggsprosjekt, iverksetting av naudsynnte tiltak for å ta ned risiko, systematisk oppfølging og koordinering av arbeidet på anleggsplassen m.v.*

- **Systematisere administrasjonen sitt arbeid for å sikre etterleving av lover og reglar.**
  - *Kommunen bør klargjere den interne prosessen som skal sikre etterleving av lover og reglar. Mellom anna bør interne rutinar for å sikre at dei tilsette er oppdatert på relevante regelverk og at kommunen er førebudd på planlagde endringar i regelverk fremgå. Det er og behov for å systematisere informasjonsutveksling som gjeld endringar i regelverk, naudsynt opplæring i ulike regelverk m.v.*

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å forbedre kommunen sine rutinar.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2019.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

## **11.06.2019 KONTROLLUTVALET**

### **SAK-10/19 VEDTAK:**

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

Forvaltningsrevisjonen viser at Aurland kommune har fleire område der ein bør forbedre rutineane.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til prioriterte tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- **Profesjonalisere kommunen si prosjektstyring iht. god praksis.**
  - *Kommunen bør mellom anna avklare roller og ansvar i prosjekt og formalisere ulike prosjektroller i ein prosjektorganisasjon, tydeleggjere krav til prosjektdokumentasjon, derunder dokumentasjon ved ulike milepælar, og leggje til rette for ein effektiv rapportering og oppfølging av prosjekt. Medarbeidarar som forventast å jobbe i prosjekt bør få naudsynt opplæring. Det bør etablerast ein rutine for evaluering og læring av prosjekt, inklusive innarbeiding av læring i interne rutinar og krav, for å leggje til rette for kontinuerleg forbetring av kommunen sin praksis. Kommunen sin praksis for prosjektstyring bør forankrast godt med den politiske leiinga, for å leggje til rette for effektiv samhandling mellom den politiske leiinga som premissgjevar / prosjekteigar og styringsgruppe, og administrasjonen som den som står for den praktiske prosjektutføringa. Det*

*er mellom anna heilt sentralt at den politiske leiinga og administrasjonen vert einige om kva det skal rapporterast på, og kor ofte.*

- **Systematisere kommunen si oppfølging av leverandørar.**
  - *Det er behov for å systematisere kommunen sitt arbeid som byggherre, for å sikre ein forsvarleg oppfølging av leverandørar i byggje- og anleggsprosjekt. Dette gjeld i forhold til oppfølging av økonomi, framdrift, kvalitet og helse, miljø og tryggleik (HMS).*
  - *Til dømes bør endringar som gjerast i prosjekt skje i form av skriftlege endringsordrar, slik at det er mogleg å gå tilbake og sjå kva som vart avtalt mellom partane. Når det gjeld HMS, bør administrasjonen gjennomgå krav i Byggherreforskriften, og gjere naudsynte endringar i interne rutinar, derunder i Reglement for kommunale investeringsprosjekt, for å leggje til rette for etterleving av krava i forskriften. Det bør mellom anna innarbeidast krav til risikovurderingar, etablering og oppfølging av SHA-plan per bygge- og anleggsprosjekt, iverksetting av naudsynte tiltak for å ta ned risiko, systematisk oppfølging og koordinering av arbeidet på anleggsplassen m.v.*
  
- **Systematisere administrasjonen sitt arbeid for å sikre etterleving av lover og reglar.**
  - *Kommunen bør klargjere den interne prosessen som skal sikre etterleving av lover og reglar. Mellom anna bør interne rutinar for å sikre at dei tilsette er oppdatert på relevante regelverk og at kommunen er førebudd på planlagde endringar i regelverk fremgå. Det er og behov for å systematisere informasjonsutveksling som gjeld endringar i regelverk, naudsynt opplæring i ulike regelverk m.v.*

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å forbedre kommunen sine rutinar.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2019.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Samrøystes.



## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 12/2019 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 17.09.2019	<b>Saknr</b> 12/2019
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	20.06.2019	Aurland, kommunestyret	Sakspapir sak 55/19: Forvaltningsrevisjon – Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014
2	30.01.2019	Osvald Turlid	Epost om oppslag i Sogn Avis
3	28.02.2019	Aurland kommune	Svar til Osvald Turlid: Tilbakemelding på e-post datert 30. januar 2019
4	Juli 2019	Kommunebarometeret	Kommunebarometer for Aurland 2019

#### Orienteringar:

Orientering ved rådmannen:

- Status på epost frå Osvald Turlid av 30.01.2019 og rådmannen sitt svar av 28.02.2019, herunder spesielt korleis kommunen handsamar næringsmessig utleige til turisme av eigedom som er regulert som bustad
- Plan for å ta med kontrollutvalet på folkevaldopplæring etter valet

Orientering frå kontrollutvalsleiar:

- Fellesmøte for kontrollutvalsleiarar

#### Drøftingssaker



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/19	Kommunestyret	20.06.2019

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/981 - 19/4848	K2 - K54, K2 - X53, K3 - &34, K3 - &58	Steinar Søgaaard	14.06.2019

### Forvaltningsrevisjon - Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

#### Saka gjeld:

Det vert vist til saksframlegg frå kontrollutvalet m/vedlegg.

#### Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

Forvaltningsrevisjonen viser at Aurland kommune har fleire område der ein bør forbedre rutinane.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til prioriterte tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- **Profesjonalisere kommunen si prosjektstyring iht. god praksis.**

*o Kommunen bør mellom anna avklare roller og ansvar i prosjekt og formalisere ulike prosjektroller i ein prosjektorganisasjon, tydeleggjere krav til prosjektdokumentasjon, derunder dokumentasjon ved ulike milepælar, og leggje til rette for ein effektiv rapportering og oppfølging av prosjekt. Medarbeidarar som forventast å jobbe i prosjekt bør få naudsynt opplæring. Det bør etablerast ein rutine for evaluering og læring av prosjekt, inklusive innarbeiding av læring i interne rutinar og krav, for å leggje til rette for kontinuerleg forbedring av kommunen sin praksis. Kommunen sin praksis for prosjektstyring bør forankrast godt med*

*den politiske leiinga, for å leggje til rette for effektiv samhandling mellom den politiske leiinga som premissgjevar / prosjekteigar og styringsgruppe, og administrasjonen som den som står for den praktiske prosjektutføringa. Det er mellom anna heilt sentralt at den politiske leiinga og administrasjonen vert einige om kva det skal rapporterast på, og kor ofte.*

• **Systematisere kommunen si oppfølging av leverandørar.**

*o Det er behov for å systematisere kommunen sitt arbeid som byggherre, for å sikre ein forsvarleg oppfølging av leverandørar i bygge- og anleggsprosjekt. Dette gjeld i forhold til oppfølging av økonomi, framdrift, kvalitet og helse, miljø og tryggleik (HMS).*

*o Til dømes bør endringar som gjerast i prosjekt skje i form av skriftlege endringsordrar, slik at det er mogleg å gå tilbake og sjå kva som vart avtalt mellom partane. Når det gjeld HMS, bør administrasjonen gjennomgå krav i Byggherreforskriften, og gjere naudsynte endringar i interne rutinar, derunder i Reglement for kommunale investeringsprosjekt, for å leggje til rette for etterleving av krava i forskriften. Det bør mellom anna innarbeidast krav til risikovurderingar, etablering og oppfølging av SHA-plan per bygge- og anleggsprosjekt, iverksetting av naudsynte tiltak for å ta ned risiko, systematisk oppfølging og koordinering av arbeidet på anleggsplassen m.v.*

• **Systematisere administrasjonen sitt arbeid for å sikre etterleving av lover og reglar.**

*o Kommunen bør klargjere den interne prosessen som skal sikre etterleving av lover og reglar. Mellom anna bør interne rutinar for å sikre at dei tilsette er oppdatert på relevante regelverk og at kommunen er førebudd på planlagde endringar i regelverk fremgå. Det er og behov for å systematisere informasjonsutveksling som gjeld endringar i regelverk, naudsynt opplæring i ulike regelverk m.v.*

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å forbedre kommunen sine rutinar.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2019.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

**20.06.2019 Kommunestyret**

Tilleggsforslag:

Noralv Distad: Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sine tilrådingar.

KPMG ved Veronica Kvinge orienterte om rapporten.

**Røysting:**

Framlegg frå Noralv Distad: samrøystes

**KS-055/19 Vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sine tilrådingar.  
Samrøystes

**Vedlegg:**

Oversending sak til kommunestyret - Forvaltningsrevisjon - Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune Sak 10 2019

Sak 10 Forvaltningsrevisjon Evaluering av arbeidet med sikring og oppattbygging etter flaumen i oktober 2014

Sak 10 Vedlegg 1 Forvaltningsrevisjon rapport flaumsikring med rådmannens kommentar



# Aurland kommune

## Rådmannen

Aurland, 28.02.2019

Osvald Turlid

Vår ref.  
2018000232-27

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Steinar Søggaard,

Arkiv  
K2 - L71, GBNR -  
18/82, GBNR - 18/84,  
GBNR - 18/83, GBNR  
- 18/80, GBNR - 18/6

### Tilbakemelding på e-post datert 30. januar 2019

Viser til e-post datert 30. januar 2019 der du kommenterer og viser dine synspunkt på avisoppslag i Sogn avis der bebuarane meiner kommunen bryt reguleringsvedtektene i reguleringsplanen, kommunen sitt planarbeid og utleige av bustader til Airbnb.

Aurland kommune vil ikkje kommentere dine synspunkt eller oppfatningar i den konkrete saka som du tek opp i din e-post, men vil svare på spørsmål om planarbeid og Airbnb.

Aurland kommune sin kommuneplan sin samfunnsdel er frå 2007 og arealdelen er frå 2009. Rullering av desse to planane er diverre blitt nedprioritert opp mot anna planarbeid. Det er behov for å lage ny kommuneplan med bakgrunn i dei store endringane som har skjedd i Aurland dei siste 10 åra. Etter valet vil det bli viktig at det nye kommunestyret set i gang og følgjer opp dette planarbeidet.

Pr dato jobbar Aurland kommune med tre offentlege reguleringsplanar, fire tematiske planar, seks reguleringsplanar frå andre aktørar under arbeid (private og andre offentlege instansar) Siste 10 år har Aurland kommune vedteke 41 reguleringsplanar av desse er 18 planar utarbeidd av Aurland kommune. Planavdelinga er organisert i stab hjå rådmannen.

Utleige gjennom ordninga Airbnb er ikkje ulovleg innafor dei rammene som blir fastsett av stалеge myndigheiter. Aurland kommune vil ikkje prioritera ressursar til å avdekke eventuelle brot på desse rammene.

Med helsing

Steinar Søggaard  
rådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Kopi til:**  
Kontrollutvalet

----- Videre sendt e-post -----

Fra: **Osvald Turlid** <[osvald.turlid@gmail.com](mailto:osvald.turlid@gmail.com)>

Dato: ons. 30. jan. 2019 kl. 22:20

Emne: Aurland kommune

Til: Aurland Kommune <[post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)>

Kopi: Kontrollutvalet Aurland Komm <[maren.lien@pwc.com](mailto:maren.lien@pwc.com)>, Sogn Avis <[redaksjonen@sognavis.no](mailto:redaksjonen@sognavis.no)>

**Aurland kommune**  
**Vangen 1**  
**5745 Aurland**

**Rådmann Steinar Sørgård.**

**Oppslag i Sogn Avis om at bebuarane i Veim bustadfelt meiner kommunen bryt reguleringsvedtektene i reguleringsplan.**

**Det er trist å sjå korleis kommunen behandlar folk, som har flytta til kommunen, bygd seg hus i eit kommunalt budstafelt og sjølv sagt betaler sin skatt som alle oss andre. Korleis velkomst er dette ?**

**Uavhengig det juridiske utfallet av saka, så skal det vera reguleringsplan vedtekter i alle bustadfelt, og ingen kan vera fornøyd med slike tilstander som dette. Om dette er lovleg så må kommunen snarast ta fatt på rullering av planer og vedtekter slik at bebuarane får eit betre vern mot slike tilstander. Kva om dette hadde foregått i Vetleli bustadfelt, der tenesteleiar Sørensen sjølv bur, ville det vore så kjekt.**

**Eg stiller også spørsmål om kor lang tid det er sia rullering av kommuneplan og reguleringsplaner har vore handsama i kommunen, eit arbeid som tidlegare var faste folk som jobba med kontinuerlig. Teknisk eining har ansvar for å følgja opp byggjesaker, og ikkje minst kva som rører seg i kommunale bustadfelt ihh til vedtekter og plan og bygningslova.**

**Eg hørde for nokre dagar sia næringsminister Monica Mæland minna kommunane om utleige av heilårs bustader i byggefelt til Airbnb, dette sa ho var ulovlig slik det no føregjekk, og direkte i konkurranse med overnattings bedrifter.**

**Korleis ligg det Ann med dette i Aurland, det er mykje som ligg ute på nettet om denne utleige geskjeften i Aurland, er dette i lovlige former?**

**Her har tenesteleiaren på teknisk eit særleg ansvar å følgja opp/kontrollere.**

**Ber om eit svar frå Aurland kommune på desse spørsmåla !**

**Aurland 30.01.2019**

**Osvald Turlid**

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 13/2019 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2020

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Harald Mo	17.09.2019	13/2019

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Sekretariatet gir følgende framlegg om budsjett 2020 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2020
Kontrollutvalet	87 000
Sekretariatet	181 512
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	50 000
Kjøp av tjenester til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	80 000
<b>TOTALT</b>	<b>798 512</b>

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

#### BAKGRUNN

Aktuelle lover og forskrifter:

Kommunelova  
Forskrift om kontrollutval  
Forskrift om revisjon  
Anbudsdokument KPMG  
Avtale om sekretariat med PricewaterhouseCoopers AS

Vedlagte tabell viser (for samanlikningsføremål) framlegg til budsjett frå kontrollutvalet for 2019, samt det endelege vedtaket i kommunestyret for 2019.

Område	Budsjett 2019	
	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	66 100	66 900
Sekretariatet	177 400	177 400
Finansiell revisjon	200 000	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000	200 000
Kjøp av selskapskontroll	60 000	60 000
<b>Totalt kontroll og tilsyn</b>	<b>703 500</b>	<b>704 300</b>

## SAKSUTGREIING

Etter forskrift om kontrollutval § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette budsjettforslaget skal følge formannskapet si innstilling av kommunen sitt budsjett til kommunestyret.

Budsjettet er delt i 6 delar:

1. Kontrollutvalet
2. Sekretariatet
3. Finansiell revisjon
4. Kjøp av forvaltningsrevisjon
5. Kjøp av eigarskapskontroll og selskapskontroll
6. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

### 1. Kontrollutval

I forskrift om kontrollutval § 18 står det at kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettet skal dekke godtgjersle for leiar og medlemmar av kontrollutvalet, tapt arbeidsforteneste for medlemmane, deltaking på relevante kurs/seminar og eventuelle andre administrative kostnader.

Budsjettposten for drift av kontrollutvalet 2020 er på totalt kr 87 000.

Budsjettpost	Totalt
Fast godtgjersle KU-leiar (avrunda, lønsvekst 2,5%)	14 600
Møtegodtgjersle kontrollutvals-medlemmar (avrunda, lønsvekst 2,5%), kr 9 000 per medlem (4), 700 per vara (3 møter)	38 100
Tapt arbeidsforteneste	5 000
Deltaking på kurs og konferansar	20 000
Arbeidsgjevaravgift	5 600
Kilometergodtgjersle	1 200
Kontingentar	2 500
<b>SUM</b>	<b>87 000</b>

### 2. Sekretariat

Det er avtale om fast pris vedkomande sekretariatsfunksjonen med PricewaterhouseCoopers AS. Kommunestyret vedtok avtale som gjaldt frå 1.6.17 fram til 1.6.19, med opsjon på 2 + 2 år etter dette. Rådmann har i samråd med kontrollutvalet valt å nytte seg av denne opsjonen. Etter avtalen var prisen i 2019 på kr 176 225. Frå og med 1.1.20 skal prisen justerast med endring i konsumprisindeksen for 2019. I budsjettframlegget vert det lagt til grunn at ein får ei endring i konsumprisindeksen i denne perioden på om lag 3%.



Budsjettposten for sekretariatet vert då sett til kr 181 512.

### **3. Finansiell revisjon**

Budsjettpost for kjøp av revisjonstenester vert i budsjettet delt i 3.

Aurland kommune gikk i juli 2016 inn på ein ny avtale med KPMG (etter offentlig anbod). Avtalen er utvida med to år frå juli 2018. Honoraret er basert på fastpris for rekneskapsrevisjon og timepris på andre oppdrag. Anslag på samla honorar for 2020 er kr 200 000 + mva.

### **4. Kjøp av forvaltningsrevisjon**

Kommunestyret vedtok hausten 2016 ny plan for forvaltningsrevisjon fram til 2019, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Denne planen er gjeldande fram til ny plan er utarbeidd, seinast innan utgangen av 2020.

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 200.000 + mva til kjøp av forvaltningsrevisjon i 2019.

### **5. Kjøp av eigarskapskontroll og selskapskontroll**

Kommunestyret vedtek samstundes hausten 2016 ny plan for gjennomføring av selskapskontroll fram i inneverande valperiode, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Denne planen er gjeldande fram til nye planar er utarbeidd, seinast innan utgangen av 2020.

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 50 000 + mva til gjennomføring av ein selskapskontroll i 2020.

### **7. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

For neste valperiode må det utarbeidast ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Denne planen må utarbeidast i løpet av 2020, jamfør §§ 23-3 og 23-4 i ny kommunelov.

*§ 23-3. Forvaltningsrevisjon*

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

#### § 23-4. Eierskapskontroll

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 80.000 + mva i 2020 til bistand til å utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll som er basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering.

Under føresetnad av at planane kan ferdigstillast i løpet av første halvår, vil ein kunne gjennomføre prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt i andre halvår.

#### **Samla budsjett forslag**

Det samla budsjettforslaget for kontrollutvalet 2020 vert på bakgrunn av saksutgreiinga kr 798 512.